



- Ventar de barn eller har nyleg vorte foreldre?
- Er forventningar blanda med uvisse i forhold til foreldrerolla?
- Er de påverka av utfordringar knytt til rus eller psykisk helse?

Velkomen til **Barneblikk** familieteam

ULSTEIN

DU KAN KONTAKTE OSS DIREKTE PÅ TELEFON **908 73 341**

Svangerskap og småbarnsperiode kan by på glede og forventning, men også på uro og uvisse. Særleg når ein har eller har hatt livsutfordringar.

KVEN ER TILBODET FOR?

Barneblikk familieteam er eit tilbod til dykk som ventar barn eller har spe- og småbarn, og som er påvirka av eigne eller andre sine utfordringar knytt til rusmiddel og/eller psykiske helse.

Når nokon i familien strevar, påverkar det alle familiemedlemene. Difor ønsker vi å vere ei støtte for heile familien din; både barnet, foreldre, søsken, og andre som er viktige for dykk.

Det er lurt å be om hjelp tidleg i svangerskapet!



KVA KAN VI TILBY?

I samarbeid med dykk ønsker vi å bidra til at barnet dykkar får ein best mogleg start i livet. Då er det viktig at de som foreldre kan oppleva meistring av foreldrerolla, familielivet og eigne liv.

- Det kan vere godt å ha nokon å snakke med om svangerskapet, barnet eller eige liv
- Det kan vere godt å få hjelp til å rydde i «flokar» i familien
- Det kan vere godt å få tips om kvar de kan vende dykk for å få hjelp
- Det kan vere godt med hjelp til å ta kontakt med ulike tenester og få følgje til avtalar
- Det kan vere godt å vite at de har nokon å ringe til når det trengst
- Det kan vere godt å ha nokon å dele glede og opturar med

Vi vil gjerne bli kjente med dykk som familie allereie medan barnet er i magen eller er i første leveåret sitt, og vi kan følgje dykk fram til barnet når skulealder. Vi kan tilby hjelp med barnet si utvikling, foreldrerolla, familiesamspillet, psykisk helse og rusmiddelvanskar. Dersom familien din har behov for det, samarbeidar vi med andre de er i kontakt med.

Vi kan møtast heime hjå dykk, i lokala våre eller på helsestasjonen.

Vi har ikkje krav om tilvising/søknad eller timebestilling.

Tilbodet er gratis.



KVEN ER VI?

Barneblikk familieteam består av fagpersonar frå kommunen og spesialisthelsetenesta.

Frå venstre: Mona, Wenche, Sissel, Anne-Marit



KORLEIS KOMME I KONTAKT MED OSS?

Ring eller send SMS til telefon **908 73 341**.

Eller ring helsestasjonen sin ekspedisjon **70 01 78 80**.

Barneblikk familieteam held til på helsestasjonen i Ulsteinvik, Reiten 20, 6065 Ulsteinvik.

Jordmor, helsesjukepleiar, fastlege eller andre de er i kontakt med, kan òg formidle kontakt.

Første møtet er ein uforpliktande samtale med ein av oss i Barneblikk familieteam. Dersom det fortsatt er aktuelt med eit tilbod frå oss, avklarar vi vidare kontakt saman.

BARNEBLIKK HEIMESIDA:

www.helse-mr.no/barneblikk-ulstein

VELKOMEN TIL OSS!



ULSTEIN KOMMUNE



HELSE MØRE OG ROMSDAL